

Møtebok 5, Lykling sokneråd 03.06.2020

Dag: Ons 03.06.20

Tid: kl 17:30

Stad: Lykling kyrkje

Rådsmedlem som møtte:

Inger Sele, Fridleif Lydersen, Sissel S. Gåsland, Heidi Vold Ådnanes, Linda S. Gunnarsjaa, Elisabeth Bjørnevik

1.vara:

Arne Thorsen

Vert: Fridleif

Fridleif opna med å lesa Misjonsbefalinga og be ei bøn.

MERKNAD:

Møtet 13.05.20 gjekk ut av ulike grunnar. Me vart einige om å slå saman møta 13.05.20 og 17.06.20 til dato i dag.

Saksliste:

Sak 39-20 Godkjenning av referat og innkalling.

Godkjent

Sak 40-20 Meldingar og skriv

Mail frå Sissel Våge vedrørande opne kyrkjer i kommunen.

Mail frå Aksel Lygre, informasjon til soknerådet:

Det skal gjerast ei revidering. Prestane set seg saman og gjer forarbeidet og utarbeider forslag som vert sendt til sokneråda.

Mail frå Trygve Leigland:

- gjeldande opning av gudstenester i kyrkja:

Det er gjort eit vedtak på at ein ikkje skal opna for gudstenester før 15.juni. fram til dess er det berre lov å ha 50 oppmøtte. Etter 15.juni kan ein ta i mot opptil 200. For Lykling sin del kan me då ta i mot 30 stk og likevel halde oss til smittevernregelen med 1m avstand.

Mail frå Trygve Leigland:

- Revisjonsberetning for rekneskapen 2019

Mail frå Trygve Leigland:

- Fordeling av offer 13.april gospelkonsert i Bremnes kyrkje til inntekt for nytt flygell.

Denne gudstenesta vart brått ein del av «streama» gudstenester der ein skulle fordela offera. Bremnes sokn ber om at dette offeret vert halde til det det opprinneleg var tenkt til og ikkje delt ut mellom alle sokna (fordelingsnøkkel nytta under koronatida). Lykling sokneråd vedtek at dette offer kan gå til opprinneleg formål: nytt flygel i Bremnes kyrkje.

Sak 41-20 Inn rapportering av behov for Lykling kyrkje til fellesrådet v/kyrkjeverje

Punkt 1 - Rampen til handicapinngangen må sikrast. No kan den være svært glatt i vått vær.

Punkt 2 og 3 - Det må skiftast vannbord rundt heile Lykling kyrkje.

- *Maling utvendig*
- *Flekking innvending (særskilt søylene)*
- *Nytt antependie på preikestolen*
- *Nytt antependie på lesepulten*

Punkt 3 - Hjorteplage på kyrkjegarden må gjerast noko med.

- *Nye taklamper under galleriet.*

Sak 42-20 Nye medhjelparar

Nytt medlem til Estland komiteen for dei neste 4 åra:

Lillian Jensrud har sagt ja til å vera med i komiteen.

Beredskap ved varslings av brann/tjuveri:

Ståle Skjetne og Nils Audun Fjellheim, begge med adresse Lykling har sagt ja.

Sak 43-20 Budsjettet for 2020

Forslag til budsjett 2020 vedteke

Sak 44-20 Konfirmantane 2019/20

18. sept: konfirmantfest

27.september: konfirmasjonen i Lykling kyrkje

Kyrkja er for liten til å romme 8 konfirmantar med familie dersom 1m regelen skal gjelde.

Vedteke å dela konfirmantgruppa i to og ha to gudstenester dersom smittevernreglane ikkje er endra til dess.

Konfirmantane 2020/21

29. aug: konfirmanttur med dykkarklubben

Lysmessa nov/des med grautfest etterpå

Sak 45-20 Gudstenesta på Helvik 14.06.

Gudstenesta på Helvik er avlyst.

Sak 46-20 Førebuing av hausten 2020

- Soknerådet sine møtedagar for hausten 2020:
Følgande onsdagar kl 17.30 – 19.30:
26.aug., 23.sept., 28.okt., 25.nov., 25.nov., 16.des., 13.jan.,
- Offerliste for hausten 2020
 - 19.juli offer til Modum Bad og 23.aug offer til kyrkjelydsarbeidet.
 - vedteke å avventa med resten av offerlista for hausten til gudstenestelistene er komplette.
 - Redigering av offer under fellesgudst på nett i koronatida i henhold til offerlista vår.
- Kyrkjevertliste for hausten 2020
 - Avventar til gudstenestelistene er komplette
- *Første temakveld 03.09.20. Tema: Færøyane v/Fridleif Lydersen.*
 - Soknerådet bidreg med eventuell enkel servering.
- *Førebuing av Kanaldagsgudstenesta søn 6.sept:*
 - *Me ser på dette på første møtet i august når me veit om det vert kanaldagar i år.*

Sak 47-20 Visjon for Lykling kyrkje og soknet

Vedteke å ha eit eige møte med dette temaet **tyrsdag 08.09 kl 19.00**

Sak 48-20 Open kyrkje

Me avtaler datoar og vertar på messengergruppa vår.

Sak 49-20 Ymse

Spørsmål frå Bremnes sokneråd om me vil vere med å gi ei påskjønning i form av kake og blomar til dei tilsette på kyrjekontoret. Dei har jobba og stått på med stor innsats under koronakrisa.

Neste soknerådsmøte onsdag 26.august kl 17:30. Sissel er vertinne.